

**Sak 11/23      Redesign av lektorutdanninga**

Notat frå lektorsenteret

*Vedtakssak*

## Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 22. mars 2023

ephorte: 23/206

---

### Bakgrunn

Bakgrunn for at programstyret tek opp denne saka er [vedtak i styringsgruppa for lektorutdanning](#) 15.03.2023:

*Styringsgruppen vedtar modell A for MN og forutsetter at ex.phil. i femte semester tilpasses lektorprogrammet.*

*For HF og SV legges modell D til grunn for den vidare prosessen. Videre innpassing av modellen skjer under ledelse fra lektorsenteret i samarbeid med involverte fakultet og prosjektgruppa. Endelig modell blir vedtatt i felles programstyre.*

Vedtaket i styringsgruppa betyr for det første at det i lektorutdanninga ved UiB blir eit skilje mellom studieprogramma ved MN-fakultetet og HF-fakultetet/SV-fakultetet ved at MN følgjer modell A som prosjektgruppa har tilrådd (jf. [Rapport 2](#)), medan HF/SV skal følgje modell D. Sidan modell A gjeld for MN-fakultetet, skal lektorstudentane her få eit lektortilpassa ex.phil.-emne i femte semester som er kollisjonssikra overfor praksis og profesjonsfag. FOF vil stå for det faglege innhaldet i ex.phil.-emnet. Pedagogikk er fellesemne på tvers av program og blir kollisjonssikra av Det psykologiske fakultet i samarbeid med MN, HF og SV. Lektorsenteret har ansvar for å koordinere arbeidet mellom fakulteta når det gjeld kollisjonssikring og overgripande fagleg progresjon.

Eit viktig aspekt ved vedtaket i styringsgruppa, er at programstyret får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om modell for HF/SV. Det er underforstått at eit programstyrevedtak i denne saka skal vere i tråd med føringane som ligg i tidlegare vedtak i styringsgruppa 15.12.2022 og 15.02.2023, dvs. at ein skal vere innanfor rammene av modell D, men at det kan skje ei «videre innpassing» av modell D.

Framgangsmåten er spesifisert – det skal vere ein prosess leidd av lektorsenteret, og prosessen skal kople saman involverte fakultet og prosjektgruppa før programstyret gjer vedtak.

### 2 Innpassingsprosess

Når det gjeld «videre innpassing av modellen» for HF/SV, er det innpassing av emne frå 1. til 5. semester som det blir fokusert på her, fordi det er her behovet for avklaringar er mest akutte med tanke på modellarbeidet.

Bakgrunnen for innpassingsprosessen var påpeikinga av fleire usikre moment ved modell D (jf. òg vurderingane i Rapport 2). Det legitimerte ein ekstrarunde for å sjå om det var mogleg å gjere modell D betre.

Det må poengterast at det ikkje er tale om å starte prosessen på nytt, med blanke ark. Det har vore ein lang og grundig prosess med prosjektgruppe, allmøte, seminar, møte, rapportar, innspelsrunde og høyringsrunde, og vedtaket frå styringsgruppa går ut på at ein skal ta utgangspunkt i modell D.

Som del av innpassingsprosessen har det etter styringsgruppevedtaket kome skriftlege innspel om tilpassingar av modell D frå følgjande:

- Torodd Kinn/nordiskmiljøet (16.02.2023 og 14.03.2023)
- historiemiljøet (sendt frå Frode Ulvund 16.02.2023)
- sosiologimiljøet (sendt frå Katharina Sass 21.02.2023)
- HF-fakultetet (frå visedekan Svein Ivar Angell 27.02.2023 og frå Julie Alver Tønsaker 14.03.2023)

Det har også vore fleire møte i perioden:

- mellom lektorsenteret, HF og (delvis) SV: 20.02., 28.02., 09.03 og 13.03.
- i prosjektgruppa 17.02. og 14.03
- fleire møte i arbeidsutvalet
- kontakt via telefon og e-post mellom ulike aktørar

Det har blitt utvikla kollisjonsmatriser frå lektorsenteret for å kvalitetskontrollere innspel som har kome, og lektorsenteret har gjort fortløpande vurderingar som er blitt kommunisert i tekstar og i møte.

#### 4. MODELL D (slik den kjem fram i Rapport 2):

Før vi går nærmare inn på dei ulike tilpassingsframlegga som har kome, kan det passe å først ta ein runde innom modell D:

Program/ studieretning					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)			Praksis (tal på dagar)	
<b>5. studieår</b>					
<b>10. semester</b>	Master- oppgåve (30)				

<b>9. semester</b>	Master-oppgåve (30 eller 15)	Evt. master-oppgåvekurs (0 eller 15)			
<b>4. studieår</b>					
<b>8. semester</b>	Lektortilpassa emne 2 (10)		Fagdidaktikk fag I (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>7. semester</b>	Fag I (30)				
<b>3. studieår</b>					
<b>6. semester</b>	Fag I (20)	Fag II (10)			
<b>5. semester</b>		Lektortilpassa emne 1 (10)	Fagdidaktikk fag II (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>2. studieår</b>					
<b>4. semester</b>		Fag II (30)			
<b>3. semester</b>	Fag II (20)		Fagdidaktikk fag I (10)		10
<b>1. studieår</b>					
<b>2. semester</b>	Fag I (30)				
<b>1. semester</b>	Fag I (10)	Ex.phil. (10)		Pedagogikk (10)	10

Fig. 1. Modell D.

Modell D som er illustrert ovanfor, har fordelt praksisdagar og profesjonsemne i samsvar med styringsgruppevedtaket av 15.12. Hovudskilnaden til modell A er at ex.phil. er plassert i 1. semester. Det har i sin tur implikasjonar for fordelinga av fag I og fag II i studieløpet.

Bakgrunnen for at prosjektgruppa for redesign formulerte modell D i Rapport 2 (2022) var at universitetsleiinga ønske eit reelt alternativ med ex.phil. i første semester. Prosjektgruppa ville sjølv ikkje tilrå modell D ut frå grunnar som det er gjort greie for i rapporten. Samtidig er det ei vurdering i styringsgruppa at modell D inneber ei forbetring i høve til den eksisterande lektorutdanningsmodellen ved UiB. Modellen vil gi ny fordeling av praksis med betre vilkår for integrering av praksis, disiplinfag og

profesjonsfag. Modellen vil gi meir føremålstenleg plassering av profesjonsemne. Vidare vil modellen fordre utvikling av nye praksistilpassa emne, primært i femte semester, noko som òg kan bidra til innovasjonar i lektorutdanninga. Modell D framstår, i følgje sakspapira til førre styringsgruppemøte, som den *realistiske* modellen i dagens kontekst.

Nokre problem-felt som prosjektgruppa tidlegare har peikt på ved modell D, er desse:

a) Fagleg grunnlag før første langpraksisperiode

Eitt problem med modell D er at den, slik den er utforma til no, fører til ein skilnad i omfanget av fag I og fag II før første langpraksisperiode: 40 stp. i fag I og 50 stp. i fag II. Det betyr litt mindre omfang av disiplinlege emne i fag I før første langpraksisperiode. Det får i sin tur konsekvensar for føresetnadene til studentane når ein skal ut i langpraksis. Her er det samtidig på sin plass med nokre nyanseringar. Det er for det første omdiskutert kor mykje betydning ein skal leggje i 10 studiepoeng disiplinlege i denne samanhengen – betydninga kan òg vere ulikt mellom faga. Eit anna moment er at ein i alle tilfelle må forvente eit mindre omfangsrikt grunnlag i disiplinlege når ein vedtek å flytte første langpraksisperiode frå 7. til 5. semester. Det betyr at ein må vurdere læringsutbyttet av første praksisperiode på ein annan måte enn tidlegare.

b) Asymmetri

Kanskje meir problematisk er det at det med modell D blir asymmetri mellom fag I og fag II i semestera før første langpraksisperiode. Det betyr ulike emne og ulik emnerekkefølge for studentar som har eit fag som høvesvis fag I og fag II. Her er faren for forvirring stor både blant studentar og tilsette, og det har ressursmessige konsekvensar med tanke på gjenbruk av disiplinlegemne. I tillegg blir studiet mindre einskapleg og heilskapleg.

c) Vår og haust

Modell D utfordrar den generelle modellen ved HF/SV ved UiB der ein i dag startar på 100-nivået om våren og har emne på 15 studiepoeng. Utgangspunktet for å starte med disiplinlege om hausten, slik modell D gjer, er kompleksiteten i lektorutdanninga, og at det er svært trangt i utdanningsløpet. Denne utdanninga har for det første praksis og profesjonsfag undervegs i løpet, og det er tydelege eksterne rammevilkår med krav om progresjon og omfang (jf. nasjonal rammeplan for lektorutdanning 8–13). Overgangen til å starte om hausten vil ha implikasjonar for disiplinlegemne, og desse implikasjonane er det viktig at fagmiljøa gjer ein konsekvensanalyse av.

d) Praksissemesteret

Det er i modell D ført opp eit praksistilpassa, fagovergripande emne i femte semester, dvs. i det første langpraksissemesteret. Fagovergripande emne kan t.d. handle om grunnleggjande ferdigheiter (munnleg kompetanse, skrivning), om literacy etc. Bakgrunnen for fagovergripande emne er behovet for eit profesjonssemester utan kollisjonar mellom praksis og undervisning på kampus. Dette har òg vore ein

premiss i redesignprosjektet gjennom oppdraget og ulike grunnlagsdokument. At det så er føreslått fagovergripande emne svarar også til faglege behov som er formulerte i lektorutdanninga. Det er rom for å opprette slike emne ved at rammeplan for lektorutdanning spesifiserer såkalla frie studipoenga. Fagovergripande emne er særleg aktuelt for språkfaga som no mister innføringsemnet i språkkunnskap. For slike emne kan ein òg ha undervisning etter praksisperioden. Sidan det er tale om å opprette nye emne, trengst det nye ressursar. Universitetsleiinga har difor auka den økonomiske ramma til SV-fakultetet med 250 000 kr og til HF-fakultetet med 500 000 kr.

Disiplinfagmiljø har signalisert at ein heller ønskjer disiplinaglege emne i dette semesteret, og det har blitt formulert ulike framlegg til korleis det skal kunne gjerast (jf. nedanfor).

### 5. Alternativ til modell D

På bakgrunn av dei problema som ein tidlegare har påpeikt ved modell D, har det i løpet av dei siste vekene blitt formulert ulike framlegg til innpassing av modell D. Alle desse framlegga har til felles at innpassingane inneber relativt store justeringar av modellen.

#### *HF sitt modellutkast*

Det første framlegget vi skal gå inn på er HF-leiinga sitt utkast. Dette utkastet vart presentert av HF munnleg under styringsgruppemøte 15.02.2023 og sendt som e-post frå visedekananen ved HF 27.02.2023.

Program/ studieretning					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dagar)
<b>5. studieår</b>					
<b>10. semester</b>	Master- oppgåve (30)				
<b>9. semester</b>	Master- oppgåve (30 eller 15)	Evt. master- oppgåve- kurs (0 eller 15)			
<b>4. studieår</b>					

<b>8. semester</b>	Lektortilpassa emne 2 (10)		Fagdidaktikk fag I (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>7. semester</b>	Fag I (30)				
<b>3. studieår</b>					
<b>6. semester</b>	Fag I (20)	Fag II (10)			
<b>5. semester</b>	Praksistilpassa emne (10)		Fagdidaktikk fag II (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>2. studieår</b>					
<b>4. semester</b>		Fag II (30)			
<b>3. semester</b>	Fag I (20)		Fagdidaktikk fag I (10)		10
<b>1. studieår</b>					
<b>2. semester</b>	Fag I (30)				
<b>1. semester</b>	Fag I (5)	Fag II (5)	Ex.phil. (10)	Pedagogikk (10)	10

Fig 2.

Ein viktig motivasjon bak utkastet er at ein med modellen ovanfor gjer det mogleg å starte semesteret slik HF-fag tradisjonelt gjer på 100-nivå, med disiplindefagstart om våren. Det gjer tilpassingane for disiplindefaga mindre, og gjer det mogleg med stor grad av gjenbruk av disiplindefagemne. Det er òg vist til ønske om å ha disiplindefag i fag I samtidig som ein har fagdidaktikk i fag I i tredje semester. Når det gjeld praksistilpassa emne i femte semester, opnar ein for å ha disiplindefaglege emne i fag II her (sjå nedanfor).

Ei utfordring ved framlegget er for det første kollisjonsproblematikken i det første semesteret. Det kjem fram i dokumentet med oversikt over kollisjonsmatriser (dessutan i Rapport 2). For store fag er det ikkje gjennomførbart med to innføringsemne i kjernetida (8–16). Det bør òg nemnast at spørsmålet om to innføringsemne i første semester var nemnt i innspelsrunden etter Rapport 1, og HF-fakultetet påpeikte då at det ville gi komplisert logistikk og behov for dublering av emne. Det har elles vore eit generelt mål om å unngå småemne på fem studiepoeng, ikkje minst på grunn av evalueringar frå studentane som har peikt på at desse emna har fungert dårleg.

Ei fagleg utfordring er at studentane ut frå denne modelljusteringa vil ha berre 30 + 5 studiepoeng i fag II før første langpraksisperiode. Sjølv om praksis er ein del av

opplæringa og ein ikkje skal ha som utgangspunkt at studentane er «gryteklare», er det eit spørsmål om kor lite disiplinlag ein kan klare seg med før langpraksis.

I tilpassingsprosessen dei siste vekene har det blitt formulert framgangsmåtar for å justere nokre faglege og logistiske ulemper ved HF sitt justeringsutkast.

Den eine måten er å heller ha 10 studiepoeng fag II i første semester, dvs. ikkje innføringsemne. Dermed har ein fått 40 stp. i fag II før først langpraksisperiode. Samtidig er det uheldig å starte med fag II. UiO har gjort det i si lektorutdanning, og erfaringane er negative. Derfor skal UiO no justere sin modell på dette punktet

Den andre måten er, som nemnt ovanfor, at dei 10 studiepoenga i femte semester blir gitt til fag II slik at ein i så fall får 40 stp. i fag II på den måten (dvs. 30 stp. i fjerde semester + 10 stp. i femte semester). Det betyr i så fall disiplinlag i kombinasjon med praksis, noko ein har vilja unngå pga. kollisjonsproblematikken mellom praksis og undervisning på kampus. Denne problematikken vil vere mindre dersom ein berre skal ta omsyn til femte semester og ikkje til tredje semester, dvs. at det blir laga eigne fag II-emne i femte semester for lektorstudentane i nordisk, historie, religion, engelsk, fransk, tysk, spansk og sosiologi. Det har samtidig ressursmessige implikasjonar.

HF-fakultetet har gått bort frå ønsket om innføringsemne etter eit halvdags-seminar 13.03.2023. I notat frå HF datert 14.03.2023 blir det bl.a. peikt på at det er urealistisk å bruke ordinære bacheloremne i femte semester, dvs. første langpraksissemester. HF er innstilt på at det her blir utvikla eigne lektortilpassa emne i. Desse kan vere tverrfaglege i karakter og funksjon, men kan òg vere fagspesifikke dersom faga finn det føremålstenleg. I følgje HF kan det ut frå oppsettet i modellen såleis vere mogleg med ulike typar emne i femte semester. Samtidig ser HF det som urealistisk at eit emne i fag I i femte semester kan inngå i fag II i tredje semester.

#### *Framlegg frå nordiskmiljøet og historiemiljøet*

Justeringsframlegget nedanfor har kome frå professor Torodd Kinn (nordisk, LLE) som har følgd prosessen tett frå sidelinja. Det samsvarar med framlegg som har kome frå historiemiljøet (med *HIS*lektoremne i 3. og 5. semester).

Program/ studieretning					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)			Praksis (tal på dagar)	
<b>5. studieår</b>					
<b>10. semester</b>	Master- oppgåve (30)				



<b>9. semester</b>	Masteroppgåve (30 eller 15)	Evt. masteroppgåvekurs (0 eller 15)			
<b>4. studieår</b>					
<b>8. semester</b>	Lektortilpassa emne 2 (10)		Fagdidaktikk fag I (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>7. semester</b>	Fag I (30)				
<b>3. studieår</b>					
<b>6. semester</b>	Fag I (20)	Fag II (10)			
<b>5. semester</b>	Fag I (10), praksistilpassa		Fagdidaktikk fag II (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>2. studieår</b>					
<b>4. semester</b>		Fag II (30)			
<b>3. semester</b>	Fag II (10), praksistilpassa	Fag II (10)	Fagdidaktikk fag I (10)		10
<b>1. studieår</b>					
<b>2. semester</b>	Fag I (30)				
<b>1. semester</b>	Fag I (10)	Ex.phil. (10)		Pedagogikk (10)	10

Fig. 3.

Det vesentlege med framlegget i figuren ovanfor er for det første eit praksistilpassa disiplin fagemne for fag I på 10 studiepoeng i femte semester (dvs. disiplin fag i staden for tverrfagleg lektortilpassa emne). Dette emnet vil samtidig gå inn som fag II i tredje semester. Her er det fleire effektar.

- lektorstudentane får til saman 50 studiepoeng i fag I i løpet av det semesteret dei er i første langpraksis
- vi får ein fagleg symmetri mellom fag I og fag II
- vi får gjenbruk av emne for lektorstudentar med fag I og fag II
- gjenbruk har positive ressursmessige implikasjonar

Ein viktig føresetnad er at det aktuelle emnet det er tale om, vil måtte gå i blokk. Det vil i sin tur binde opp undervisning i mange disiplin-fagemne i 3. og 5. semester, samtidig som det må sjåast i høve til profesjonsfag og praksis. Blokkundervisning av disiplin-fag har altså fleire implikasjonar i eit profesjonsstudium som lektorutdanninga enn i eit disiplin-fagleg program. Nokre moment som skal trekkjast fram her:

- Kvant fagmiljø må velje ut eitt disiplin-fagleg emne som det er fagleg passande å ha for studentar som nettopp startar på fag II (3. semester), dvs. det første emnet, og for studentar som alt har 40 studiepoeng i fag I. Her må ein tenkje forkunnskap og progresjon for ulike grupper.
- Blokk-emnet må kome før praksisopplæringa i femte semester. Undervisninga i dette emnet må samtidig justerast i høve til pedagogikk og fagdidaktikk, dvs. at det skal vere undervisning også i desse emna før praksis. Det inneber ei stor arbeidsbelastning for studentane.
- Det er rimeleg å tru at arbeidsbelastninga vil vere for stor til å gjere unna all blokkundervisning før praksisperioden. I så fall må ein ha blokkundervisning også etter praksisperioden. Her er problemet tid. Det blir no 35 dagar praksis i haustsemesteret, og semesteret er trangt.
- I tillegg skal blokkemnet tilpassast andre emne i disiplin-faget i tredje semester dersom emnet også skal takast av studentane i bachelorprogrammet. Det betyr bl.a. at alle disiplin-fagmiljø som er involverte, først må timeplanlegge i høve til pedagogikkemnet som er i femte semester, fordi dette emnet er tverrfagleg og gjeld alle fag. For det andre må ein timeplanlegge i høve til to fagdidaktikkemne, fagdidaktikk i fag I i tredje semester og fagdidaktikk i fag II i femte semester. For det tredje må ein sikre at det blir ingen andre disiplin-emne i blokkperioden. Korleis det siste momentet skal justerast, må fagmiljøa finne ut av. Dersom konsekvensen blir at alle emne må blokkleggjast i haustsemesteret, er det tale om ei større omlegging.
- Kollisjonsmatrisene tyder på at krava til tilpassing vil vere så store at dette ser urealistisk ut som *generell* modell for lektorutdanninga ved HF/SV (jf. vedlegg). Dersom einskildfag har ressursar til å ha eiga undervisning for lektorstudentane, og denne undervisninga ikkje skal koordinerast mot bachelorstudentane, kan derimot denne løysinga fungere.
- Det er tenkt at fagdidaktikkemnet fag I-studentar tek i tredje semester, skal takast av fag II-studentar i femte semester (som i nokre tilfelle også skal brukast på PPU). Det må såleis skje kollisjonssikring her. Dersom ein ikkje får til gjenbruk av fagdidaktikkemne her, må det opprettast eit nytt emne, og til det trengst det både ressursar og personale.

- Ein del disiplinlege emne som ser ut til å bli lagt i blokk med 15 stp. t.d. på historie, vil ikkje passe heilt for lektorstudentane, og det må i så fall lagast såkalla L-emne. Erfaringane med L-emne har vore dårlege. Noko av poenget med redesignprosessen har vore å kome vekk frå L-emne, og prosjektgruppa har lagt det som ein premiss i arbeidet med modellane. Dersom ein generelt kan innføre emne på 10 studiepoeng dei aktuelle semestera, vil det løyse L-emne-problematikken. Her er det nødvendig at alle faga er med.

- Kortpraksisemnet i tredje semester kan plasserast i langpraksisperioden for femte semester, og det skal dermed ikkje vere problem med kollisjonar her. Der er nokre moglegheiter for å skyve på praksis, men det vil ha implikasjonar for eksamensperioden.

### Justeringar av blokkmodellen

Frå miljøet i nordisk har det kome innspel med justeringar av blokkmodellen ved at det er innført emne på fem studiepoeng (to emne i tredje semester og to emne i femte semester), slik at ein kan få eitt blokkemne før langpraksis og eitt blokkemne etter langpraksis.

Grønnfarger er fag 1. Blått er fag 2.

10 vår	MASTEROPPGÅVE			
9 haust				
8 vår PRAKSIS	BLOKK: NOLISP	DIDA		PEDA
7 haust	NOLI/NOSP 300		NOLI/NOSP 300	
6 vår	NORAN110****		NOLI/NOSP 200	NOLI/NOSP 200
5 haust PRAKSIS	BLOKK NOLI 104 Samtids- litteratur*	BLOKK NOSP108 Språk og tekst*	DIDA	PEDA
4 vår	NOLI 103-L		NOSP107 Norsk språk	
3 haust	NOLI 102		BLOKK NOLI 104 Samtids- litteratur*	BLOKK NOSP108 Språk og tekst*  DIDA
2 vår	NOLI 103-L		NOSP107 Norsk språk**	
1 haust	NOLI 102		PEDA	EXPHIL

\*Førebels tittel

\*\*Samanslåing av NOSPAN101 og NOSP105 (minus noko, uavklart)

\*\*\*Blokkemnet må finnast, men ein kan eventuelt ha vurdering i NOLI A+C òg.

\*\*\*\*Nytt emne

Det ser ut til at det er tenkt å vere vurdering i det første femstudiepoengsemnet før langpraksisperioden startar. Samla sett vil ein ved å fordele disiplinlege emne mellom

førpraksis og etterpraksis ideelt sett kunne få ei meir balansert arbeidsfordeling for studentane.

I og med at det er tale om samdrift med emne i fag I og fag II må det skje kollisjons-sikring med tredje semester i tillegg til femte semester. Når det gjeld femte semester, har nordiskmiljøet illustrert seg dette oppsettet:

Uke	34	35	36	37	38	39- 40	41	42- 46	47	48	49	50	51
Praksis (ugs)						P	Høstferie	P					
NOLI104 (5 sp)					U				U	U	U		V?
NOSP108 (5 sp)													
Didaktikk	U	U	U	U	U		U		U	U		V	V
Pedagogikk	U	U	U	U	U		U		U	U		V	V

For å vurdere om dette går, må vi setje dei disiplinlege emna inn i ei kollisjons-matrise som omfattar følgjande emne:

- 1. semester (NOLI102L + PEDA102 + exphil + mentorgrupper + kortpraksis 10 dager)
- 3. semester (NOLI102L + kortpraksis 10 dager, didaktikk, høstemner i ba-programmet 100-nivå og NOLI104 + NOSP108)
- 5. semester (NOLI104 + NOSP108 + langpraksis 35 dager + didaktikk + pedagogikk)
- NOLI og NOSP-emnene må i tillegg kollisjonssikres mot øvrige 100-emner på nordisk høst som de skal kunne tas parallelt med for bachelor-studentene.

Kollisjonsmatrisene i denne framgangsmåten blir svært omfattande sidan dei føreset samkøyring av praksis og ei rad emne ikkje berre for lektorutdanninga, men òg for bachelorstudentar. Såleis framstår denne løysinga som svært krevjande å få til. Når kollisjonsmatrisene for femte semester ser gjennomførbare ut både i modell A og modell D, er det fordi ein kan gjere kollisjonssikringar berre for lektorstudentane.

Eit anna moment som bør kommenterast nok ein gong, er at det tidlegare har vore eit mål å unngå mindre emne enn 10-studiepoengsemne i lektorutdanningsløpet, og at særleg studentane har peikt på det.

### Vurderingar av justeringsframlegga

Prosessen etter sist styringsgruppemøte viser interesse i fagmiljøa for å gjere lektorutdanninga så god som mogleg. Dei ulike framlegga, møta og samtalene som har vore, må seiast å ha vore fruktbare for prosessen som heilskap.

Samtidig er det ikkje lett å forhalde seg til ei rad framlegg som bryt med viktige premissar i modell D, t.d. om at det ikkje skal vere disiplinfaglege emne i femte semester og at det då skal vere eit tverrfagleg emne knytt til dei frie studiepoenga i utdanninga.

At det dessutan har kome mange ulike framlegg på *kort tid*, er òg vanskeleg å forhalde seg til. I den tida ein har hatt til rådvelde er det blitt laga kollisjonsmatriser og gjort fortløpande vurderingar. Ein må då ta utgangspunkt i den kunnskapen ein har tilgjengeleg, men det har ikkje vore tid og høve til å gjere omfattande konsekvens-analysar. Samtidig er tendensen at strukturen i lektorutdanninga gjennom dei ulike alternativa blir meir kompliserande, og det er ingen av framlegga som framstår som uproblematiske.

Som nemnt ovanfor har HF signalisert at ein vil utvikle eigne lektortilpassa emne i femte semester, og at ein ser det som fruktbart med tverrfaglege, generiske emne. Samtidig opnar ein for at einskildfag kan tilby eigne emne dette semesteret. HF åtvarar derimot gjenbruk av emne frå femte semester i tredje semester.

Samla sett er innspela ikkje eintydige og det er ikkje heilt avklart korleis eventuelle tilpassingar av modell D skal kunne sjå ut.

*Dersom* programstyret ønskjer å gå vidare med framlegg som inneber *justeringar* i høve til modell D, er det nødvendig at den grunnleggjande faglege strukturen er avklart i femte semester (tverrfaglege emne eller disiplinfagemne) og første semester (innhaldet i fag I-emne).

Så må ein samtidig gjere ei vurdering av kor lenge ein ønskjer å halde denne delen av redesignprosessen gåande.

### **Tidsplanen**

Det er nødvendig å kommentere tidsplanen for redesignarbeidet. I følgje tidsplanen skulle vi våren 2023 ha følgjande hovudmål: *utvikle emna og studieplanane for lektorutdanningsprogramma*. Delmåla for å nå dette hovudmålet skulle vere følgjande:

- *Utvikling av programkartet i redesignprosessen (Curriculum mapping).*
- *Kjenneteikn på læringsutbytte skal formulerast. Tilbod om workshop frå lektorsenteret og læringslaben.*
- *Orientering om styringsgruppa sitt desember-vedtak i universitetsstyret og utdanningsutvalet.*
- *Emneutvikling i fagmiljøa: tilpassing av emneporteføljen for fagdidaktikk, pedagogikk, disiplinfag og praksis til dei vedtatte endringane i ny modell for lektorutdanninga. Dette arbeidet strekkjer seg til hausten 2023.*

- *Ferdigstilling av studieplanane for dei einstilte lektorprogramma. Tilbod om emneverkstad i regi av læringslaben.*

Premissen for tidsplanen var at modellen skulle vere ferdig vedteken av styringsgruppa 15. desember 2022. På bakgrunn av arbeidet våren 2023 skulle det så skje vedtaksprosessar i fakulteta hausten 2023, i samsvar med fakulteta sine reglar og [UiBs kvalitetssystem for utdanning](#).

Frå prosjektgruppa si side har tidsplanen blitt følgt fram til desember 2022, men fordi vedtaksprosessen er blitt forsinka, er prosjektet blitt forsinka. Det har ikkje vore mogleg å utvikle programkart, studieplanar og emneplanar når modellen ikkje har vore klar. Då har det òg vore vanskeleg å sjå føre seg kva for implikasjonar redesign vil få for fagmiljø etc.

Sjølv om styringsgruppa i prinsippet vedtok modell D på møtet i februar 2023, opna ein samtidig for ein tilpassingsprosess som har vist seg å vere omfattande, arbeidskrevjande og tidkrevjande. At det har vore ein slik prosess, har nok vore nyttig på fleire måtar, men det er framleis sentrale avklaringar som ikkje er gjorde.

Status er at vi er kraftig på etterskot i høve til ein plan som i utgangspunktet var stram. Sjølv om målet framleis er å få implementert ny modell hausten 2024, framstår det målet i dag som mindre realistisk. Det vil vere uråd å få i gang dei prosessane som er meint å bidra til å skape heilskap og samanheng, og det blir større sjanse for å få dårlege løysingar som evt. må justerast seinare, med dei uheldige konsekvensane det har. Dersom ein skal implementere ny modell hausten 2024, må det skje gjennom ein hasteprosess der ein ikkje følgjer framgangsmåten som er sett opp for redesignarbeid i UiBs kvalitetssystem for utdanning.

I sakspapira til førre styringsgruppemøtet stod det at det må «avklarast med prosjektgruppa om den fastsette tidsplanen med implementering hausten 2024 no er mogleg å oppretthalde». Det er styringsgruppa som må ta stilling til spørsmålet om tidsplanen, etter råd frå prosjektgruppa, men programstyret blir invitert til å gi innspel i saka.

## **Framlegg til vedtak**

### *Framlegg 1*

Felles programstyre for lektorutdanninga tek til etterretning at modell D for HF/SV er vedteken av styringsgruppa. Det blir oppretta overgripande lektortilpassa emne i femte semester og disiplinfagemnet i første semester går inn som ordinær del av fag I. Programstyret er vidare oppteken av at ein sikrar at åttande semester blir gjort fri for kollisjonar mellom praksis og undervisning på kampus.

### *Framlegg 2*

Felles programstyre for lektorutdanninga ønskjer å gå vidare med spørsmålet om praksistilpassa disiplinfagemne i femte semester i lektorutdanninga, og ber om at spørsmålet blir greidd ut til neste programstyremøte for endeleg vedtak.

### **Referansar**

I tillegg til ulike vedtak i styringsgruppa blir det i desse sakspapira vist til følgjande andre notat:

- [Rapport 2](#) (2022) frå prosjektgruppa
- Kollisjonsmatrise frå lektorsenteret (utarbeidd av seksjonssjef Ranveig Lote, kontrollert av studieavdelinga)
- Notat frå nordiskmiljøet (frå Torodd Kinn datert 15.02.2023 og Frode Helmich Pedersen datert 14.03.2023)
- Notat frå historiemiljøet (sendt frå Frode Ulvund 16.02.2023)
- Notat frå sosiologimiljøet (sendt frå Katharina Sass 21.02.2023)
- Notat frå HF-fakultetet (frå Svein Ivar Angell datert 27.02.2023 og frå Julie Alver Tønsaker datert 14.03.2023)

## VEDLEGG 1: KOLLISJONSMATRISJE FRÅ LEKTORSENTERET

### VARIANTER AV MODELL D –

Utgreiinger i etterkant av styringsgruppemøtet, perioden 15.02.23-14.03.23

VARIANT 1) HF-forslag (fra styringsgruppemøtet, jfr. notat fra Svein Ivar Angell/HF 27.03.23)

<b>5. semester (H)</b> 35 dagar praksis	Praksistilpassa emne (10)		Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)	35
<b>2. studieår</b>					
<b>4. semester (V)</b>		Fag II (30)			
<b>3. semester (H)</b> 10 dagar praksis		Fag I (20)	Fagdidaktikk fag I (10)		10
<b>1. studieår</b>					
<b>2. semester (V)</b>	Fag I (15)	Fag I (15)			
<b>1. semester (H)</b> 10 dagar praksis	Fag I (5)	Fag II (5)	Ex.phil. (10)	Pedagogikk (10)	10

### KOLLISJONSMATRISJE HF-forslag

Modell D	Emner lektorstudenter skal kunne kombinere	Emner som må kollisjonssikres pga. andre programer	Kollisjonssikring
<b>Sem 1</b>	Fag I (5 sp) Fag II (5 sp)  ENG1xx FRAN1xx HIS1xx NORD1xx RELV1xx SOS1xx SPLA1xx TYS1xx  EXPHIL (10 sp) PEDA (10 sp) Kortpraksis (10 dager)	EXFAC00AS EXFAC00SK	<p>Alle emner i fag 1 og fag 2 må kollisjonssikres mot hverandre siden disse skal kunne tas parallelt. I tillegg må alle kollisjonssikres mot exphil, PEDA, mentorgrupper og kortpraksis.</p> <p>Dersom undervisningen på fag I og fag II- emnene også skal samkjøres med undervisning på introduksjonsemnene på BA-programmene, så må det kollisjonssikres også mot EXFAC00AS og EXFAC00SK. Dersom fag I og fag II- emnene er helt frikoblet fra undervisningen på introduksjonsemnene i BA-programmene (10 sp-emner) trenger man ikke ta hensyn til disse (med mindre det er samme underviser som har begge).</p> <p>Exphil, PEDA og 5 sp-emnene må planlegges undervisningsfritt de dagene det er kortpraksis (5 dager + 5 fleksible dager/for- og etterarbeid).</p>



<p><b>Vurdering:</b>  For store fag er dette ikke gjennomførbart innen kjernetiden (8-16), særlig hvis emnene har felles undervisning med de vanlige introduksjonsemnene i BA-programmene.  For mindre fag er det trolig gjennomførbart, siden de har færre ex.phil./ex.fac-grupper og mentorgrupper å ta hensyn til.  Kollisjonssikring på PEDAs bør gjøres på gruppenivå, på samme måte som på Exphil.  Må være undervisnings- og vurderingsfritt de 10 dagene studentene har kortpraksis.</p>			
<b>Sem 2</b>	Fag I (30 sp)		
<p><b>Vurdering:</b> uproblematisk</p>			
<b>Sem 3</b>	Fag I (15 + 5 eller 10 + 10 sp)  Fagdidaktikk fag I (10 sp) Kortpraksis (10 dager)		<p>Emner i fag I kollisjonssikres allerede mot hverandre på BA-programmene. De to emnene som inngår i lektorprogrammet må i tillegg kollisjonssikres mot didaktikkemner fag I.</p> <p>Hvis didaktikkemnene i 3. semester er de samme som i 5. semester, må det kollisjonssikres også mot PEDAs, lektortilpasset/praksistilpasset emne og langpraksis (7 uker). Undervisningen på didaktikkemnet må i tilfelle ligge utenom de sju ukene langpraksis.</p> <p>Kollisjonssikringen på PEDAs må gjøres på gruppenivå for å unngå for omfattende kollisjonsmatrise.</p> <p>Må være undervisnings- og vurderingsfritt de 10 dagene studentene har kortpraksis.</p>
<p><b>Vurdering:</b>  Fungerer uproblematisk hvis didaktikkemnene er ulike i 3. og 5. semester.  Mer krevende hvis det er samme didaktikkundervisning i 3. og 5. semester, men løsbart.  NB: Forutsetter at emnene i fag I ikke er felles med emner i femte semester.  Undervisningen i alle fag I-emnene må planlegges kollisjonsfritt mot kortpraksis. Kan være utfordrende for disiplinlagene.</p>			
<b>Sem 4</b>	Fag II (30 sp)		Kollisjonssikringen blir den samme som på BA-programmene og løses der.
<p><b>Vurdering:</b> uproblematisk</p>			
<b>Sem 5</b>	Lektortilpasset/praksistilpasset emne 1 (10 sp)  Fagdidaktikk fag II (10 sp) PEDAs (10 sp)		Hvis didaktikkemnene i 3. semester er de samme som i 5. semester, må det kollisjonssikres også mot fag I-emnene i 3. semester. Kollisjonssikringen på PEDAs må gjøres på gruppenivå for å unngå for omfattende kollisjonsmatrise.

	Langpraksis (35 dager)		<p>Lektortilpasset/praksistilpasset emne (to emner for HF, og ett for SV?) må planlegges undervisningsfritt i langpraksisperioden (7 uker), på samme måte som didaktikk og pedagogikk.</p> <p>Dersom Praksistilpasset emne har blokkundervisning som skal avvikles fullt og helt i forkant av LAPRA må emnet ha ferdig avviklet undervisningen før LAPRA starter opp. Vurdering må også legges utenom LAPRA-perioden, enten før LAPRA eller etterpå.</p> <p><u>Se eget vedlegg om aktuell fordeling av praksisperiode i femte semester.</u></p> <p>NB: Praksistilpasset emne/lektortilpasset emne kan <u>ikke</u> samtidig kollisjonssikres mot disiplinerner på BA-programmene. Dette vil innebære en svært stor matrise, som ligner på semester 3 i modell B parallellmodellen (rapport 2), bare at man i tillegg må planlegge kollisjonsfritt mot langpraksis. Emnet må planlegges med kollisjonssikring kun for lektorprogrammet dersom matrisen skal gå opp.</p>
<p><b>Vurdering:</b> Mulig å få til dersom involverte emner tar hele semesteret i bruk. All undervisning og vurdering må legges utenom langpraksis. Studentene bør ikke ha vurdering første uken etter langpraksis. Praksistilpasset emne/lektortilpasset emne(r) må planlegges kollisjonsfritt for lektorprogrammet, og kan ikke samtidig ta høyde for kollisjonssikring mot BA-programmet.</p>			
<b>Sem 6</b>	Fag I (20 sp) Fag II (10 sp)		<p>Emnene i fag I er allerede kollisjonssikret i BA-programmet dersom begge emnene er enten på 100-nivå eller på 200-nivå. Dersom ett er 100-nivå og det andre 200-nivå, må det kollisjonssikres for dette, noe som vil være svært krevende for disiplinfagene.</p> <p>Fag I må kollisjonssikres også mot fag II, noe som gir stor matrise. Nødvendig å gå gjennom hvilke fag I og fag II studentene kombinerer, for å kollisjonssikre bare det som er helt nødvendig. Dersom alle kombinasjoner er valgt på et kull, vil dette ikke gi effekt.</p> <p>En begrensning i mulig fagkombinasjoner av fag I og fag II vil være fornuftig/nødvendig.</p> <p>(se også kommentarer i modell 1 og 4)</p>
<p><b>Vurdering:</b></p>			

Vil kunne fungere men være krevende, på samme måte som semester 6 i dagens program, fordi man ofte kan kutte ut en eller to fagkombinasjoner i kollisjonssikringen.  
 Viktig: dette forutsetter at emnene i fag I er på samme nivå (enten begge på 100-nivå eller begge på 200-nivå).

<b>Sem 7</b>	Fag I (30 sp)		
--------------	---------------	--	--

**Vurdering:** uproblematisk

<b>Sem 8</b>	Lektortilpassa emne 2 (10 sP) Fagdidaktikk fag I (10 sp) PEDA (10 sp)		<p>Det lektortilpassede/praksistilpassede emnet følges kun av lektorstudenter, og det er en egen undervisningsrekke for emnet som ikke også følges av andre studentgrupper. Da kan emnet tilpasses praksisperioden, på samme måte som didaktikk og pedagogikk.</p> <p>Lektortilpasset emne vil kunne planlegges undervisningsfritt i praksisperioden, på samme måte som didaktikk og pedagogikk. Emnet må ha egen undervisning, kun for lektorstudentene slik at man unngår å kollisjonssikre mot undervisning på fag I og fag II-emner.</p>
--------------	---	--	--

**Vurdering:** Gjennomførbart, men krever tilpasninger til langpraksis.  
 Lektortilpasset emne må være kollisjonsfritt mot langpraksis (7 undervisningsuker). Vurdering kan ikke ligge i praksisperioden. Studentene bør ikke har vurdering uken etter praksis, men tidligst andre uken etter praksis.

<b>Sem 9</b>	Masteroppgave (30 sp) Evt oppgavekurs (0 eller 15 sp)		
--------------	--	--	--

<b>Sem 10</b>	Masteroppgave (30 sp)		
---------------	-----------------------	--	--

--	--	--	--

Forslag fra nordisk, praksistilpasset emne i semester = fag 1  
(matrisen er basert på notatet fra Torodd Kinn datert 15.02.23)

Framlegg for HF/SV:

10 vår	FAG 1	FAG 1	FAG 1
9 haust	FAG 1	FAG 1	FAG 1
8 vår PRAKSIS	TILPASSA: FAG 1?	DIDA	PEDA
7 haust	FAG 1	FAG 1	FAG 1
6 vår	FAG 1	FAG 1	FAG 2
5 haust PRAKSIS	TILPASSA: FAG 1	DIDA	PEDA
4 vår	FAG 2	FAG 2	FAG 2
3 haust	FAG 2	TILPASSA: FAG 2	DIDA
2 vår	FAG 1	FAG 1	FAG 1
1 haust	FAG 1	PEDA	EXPHIL

Kollisjonsmatrise – variant fra nordisk

Modell D	Emner lektorstudenter skal kunne kombinere	Emner som må kollisjonssikres pga. andre programmer	Kollisjonssikring
<b>Sem 1</b>	Fag I (10 sp): ENG100 FRAN100 HIS100 NORD100 RELV100 SOS100B SPLA100 TYS100  EXPHIL PEDA (10 sp) Kortpraksis (10 dager)	EXFAC00AS EXFAC00SK	Fag I-emnene trenger ikke å kollisjonssikres mot hverandre. Kollisjonssikringen mot EXPHIL og EXFAC er allerede ivaretatt i BA-programmene. Det som kommer i tillegg er PEDA og kortpraksis.  Fag I-emnene må planlegges undervisningsfritt de dagene det er kortpraksis.
<b>Vurdering:</b> Uproblematisk. Kollisjonssikring på PEDA bør gjøres på gruppenivå, på samme måte som på Exphil.  Må være undervisnings- og vurderingsfritt de 10 dagene studentene har kortpraksis.			
<b>Sem 2</b>	Fag I (30 sp)		
<b>Vurdering:</b> uproblematisk			
<b>Sem 3</b>	Fag II (10 sp)  Praksistilpasset emne fag II (10 sp)  Fagdidaktikk fag I (10 sp)	Fag II-emnet kollisjonssikres også mot andre emner på 100-nivå (se under).  Dersom praksistilpasset emne i fag II også skal kollisjonssikres for BA-programmet (emnene under), blir	Alle emnene i tredje semester må være undervisnings- og vurderingsfrie de 10 dagene studentene har kortpraksis.

